

Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 Vinje

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Melding om vedtak - Høring av revisjonsdokument for Seljord og Sundsbarmreguleringane i Telemark

Vedlagt følger brev.

Vinje kommune har tatt i bruk digital post. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram «På nett med innbyggerne». Digital kommunikasjon skal vera fyrsteval i samhandlinga mellom det offentlege, innbyggjarar og næringsliv.

I staden for å få brev på papir kan du få det levert til digital postkasse, Digipost eller e-Boks. Om du ikkje har digital postkasse vil du få brev i Altinn. Les meir på www.norge.no.


Bedrifter og organisasjonar kan lese dokumentet elektronisk i Altinn via ei rolle som er definert på førehand. Varsel blir sendt til registrert e-postadresse. Informasjon om roller som er definert på førehand og tilgangsstyring ligg under «Min profil» i Altinn.

Med helsing
Jan Myrekrok /s/

Vedlegg



Vinje kommune
Organisasjon, arkiv og IKT



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
REIDUNLO	2016/2231	23194/2016	S11/&13	07.12.2016

Melding om vedtak - Høyring av revisjonsdokument for Seljord og Sundsbarmreguleringane i Telemark

Plan- og miljøutvalet handsama saka i møte 23.11.16.

Saksframstilling og vedtak ligg ved.

Med helsing

Reidun Lofthus
administrasjonssekretær

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
- saksframstilling og vedtak



--

Arkiv saknr:	2016/2231
Løpenr.:	20956/2016
Arkivkode:	S11/&13

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet	23.11.2016	16/164

Sakshandsamar: Dorthe Huitfeldt

Høring av revisjonsdokument for Seljord og Sundsbarmreguleringane i Telemark

Vedlegg:

- 1 Høring av revisjonsdokument for Seljord - og Sundsbarmreguleringane i Telemark
- 2 Revisjonsdokument for Seljord - og Sundsbarmreguleringane i Telemark
- 3 Vedlegg
- 4 Faun rapport 039-2013 Sundsbarm
- 5 Innspel Seljord kommune

Dokument i saka:

Bakgrunn:

NVE har i brev av 24.09.2015 vedteke at vilkåra for følgjande konsesjonar skal reviderast:
Kg1. res. av 05.07.1963: Sundsbarm kraftverk - Reguleringer og overføringer i Flatdalsvassdraget, Morgedalsvassdraget og Dalaåi/Oftevassdraget
Kg1. res. av 19.05.1944: Bø kommune —Regulering av Seljordvatn

På bakgrunn av krav frå kommunane og føringar frå NVE har Sundsbarm kraftverk DA og Bø kommune utarbeidd to revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumenta leggest no ut til offentleg høring. Revisjonsdokumenta og fråsegnene til desse vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsetje reviderte vilkår.

Frist for å koma med innspel er 15.12.2016

Vurdering:

Sakshandsamar har vore i kontakt med prosjektleiarane i Tokke/Vinje vassområde og Midt-Telemark vassområde. **Helge Kiland i Tokke/Vinje vassområde** seier at dette i liten grad berører Vinje, sjølv om det er eit par vatn som er regulert. Imidlertid kan det kanskje vere attgroingsproblematikk i eit par vatn i Øyfell, slik som i Oftevatn. Det viktigaste er å unngå at magasina blir for sterkt nedtappa om sommaren av omsyn til fisk ,landskap og friluftsliv.

Anita Cecilie Kirkvold i Midt –Telemark vassområde meiner og at denne reguleringa i liten grad berører Vinje. Det er ingen inntakspunkt eller overføringar som ligg i Vinje. I Hovdevatn/Bergsvatn har ho ikkje oppfatta at det er gjengroingsproblematikk eller framande artar som tryte og ørekyt. SMVF (sterkt modifiserte vannforekomster) i vatnet er sett til moderat økologisk potensiale på bakgrunn av at det regulerast mellom HRV (høgste regulerte vasstand) 647,3 m og LRV (lågaste regulerte vasstand) 642 m, altså 5,3 m. Det ligg ikkje føre undersøkingar på fisk, vassplanter eller botndyr som kan underbygge påstanden om status «moderat økologisk potensial». Ho vil derfor spele inn frå vassområdet -til Regional plan for vassforvaltnig i Vest-Viken 2016-2012 – at denne vassforekomsten oppfyller krava til «godt økologisk potensiale» og at status må endrast.

På denne bakgrunn vurderer vi at Vinje kommune ikkje har merknader til høyringa.

Vedlagt er Faun rapport 039 -2013 Sundsbarm og innspela frå Seljord kommune til kjennskap.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan og miljøutvalet har ikkje merknader til høyringa.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 23.11.2016:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan og miljøutvalet har ikkje merknader til høyringa.
